



Vedtekter for utdeling og administrering av integreringspris

Kap. 1. Målsetting:

§1.1:

Prisen skal skape auka medvit om integrering og stimulere til at fleire engasjerer seg for å betre kvardagen til menneskjer som kan oppleve seg sosialt isolera og einsam og som lett fell utafor arbeidsliv, skole, foreiningsliv, i fritid og i lokalsamfunn.

Kap. 2. Intensjon:

§ 2.1:

Prisen skal kaste glans på- og verke motiverande på, den eller dei som gjennom sitt engasjement bidreg til ei positiv integrering av menneskjer som kan oppleve seg sosialt isolera og lett fell utafor arbeidsliv, skole, foreiningsliv, i fritida og i lokalsamfunn.

§ 2.2:

Prisen skal vere eit synleg bevis på at Seljord kommune sett oppriktig pris på den eller dei som gjennom sitt frivillige engasjement bidreg slik at flest mogleg får eit best mogleg liv i kommunen, og kan kjenne seg vel motteke og inkludert i alle delar av lokalsamfunnet.

§ 2.3:

Prisen skal fremje- og skape større folkeleg engasjement om, det frivillige arbeidet som Røde Kors gjer for einskilde menneskjer og grupper som kan oppleve seg sosialt isolera og einsam og som lett fell utafor arbeidsliv, skole, foreiningsliv, i fritid og i lokalsamfunn.

§ 2.4:

Prisen skal vere i tråd med hovudprinsippa Røde Kors arbeider etter: Humanitet, upartiskheit, nøytralitet, sjølvstende, frivilligheit, einskapleg og universalitet.

§ 2.5:

Prisen skal vere ein del av det gjensidig samarbeid mellom Seljord Røde kors og Seljord kommune som er stadfesta i Partnerskapsavtala mellom partane.

§ 2.6:

Prisen skal vere på kroner 5000,- Seljord kommune og Se jord Røde Kors betaler 50% av beløpet kvar.

§ 2.7:

Prisen skal delast ut årleg. Første gong i samband med Mangfaldsåret 2008. Men i tilfelle ein ikkje har kandidatar blir prisen overført til neste år.

Kap. 3. Utdeling:

§ 3.1:

Prisen kan delast ut til personar, lokale lag og foreiningar eller organisasjonar som over tid bidreg aktivt til at einskilde menneskjer eller grupper av menneskjer som kan oppleve seg sosialt isolera og einsam og som lett fell utafor arbeidsliv,

skole, foreiningsliv, i fritid og i lokalsamfunn, kan oppleve ein betre livssituasjon og oppleve å bli betre integrert i lokalsamfunnet i Seljord.

§ 3.2:

Prisen skal delast ut på slutten av kvart år, i november eller desember, og i samband med eit lokalt kulturarrangement.

§ 3.3:

Prisnemnda avgjer frå år til år, i kva form prisen skal delast ut; pengar, gåve eller kunst.

§ 3.4:

Med prisen skal det følgje eit diplom eller ein plakett som er lik frå år til år. Nemnda tek initiativ til å få utarbeid ein passende plakett eller eit diplom.

§ 3.5:

Prisen skal offentleggjerast i media.

Kap. 4. Nominasjon:

§ 4.1:

Frist for nominering av kandidatar er 1. november kvart år.

§ 4.2:

Alle kan nominere kandidatar til prisen. Nomineringa skal være skriftleg og grunngeven.

§ 4.3:

Prisen skal lysast ut 20. september og 10. oktober kvart år.

Kap. 5. Kriterium for tildeling:

§ 5.1:

For å bli vurdert som ein verdig prismottakar må ein ha synt engasjement og aktive handlingar over tid og som har hatt til hensikt å bidra til integrering av menneskje som på eit eller anna vis har lettare for å hamne utafor. Det kan vere med årsak i framandgjering (flyktingar), på grunn av sjukdom/psykiske lidingar, fysisk eller psykisk handikap, rusproblem, personar med sosiale problem, personar som opplever isolasjon i heim og samfunn, eldre einslege, personar som skal etablerast i samfunnet etter lengre tids sjukdom eller fengselsstraff, personar som har vorre til rehabilitering/behandling for rus eller alkoholproblem, eller andre med behov for bistand frå frivillige.

§ 5.1:

I tildelinga skal prisnemnda leggje vekt på dei elementa som er nemnt i intensjon og målsetting.

§ 5.2:

Det frivillige engasjementet skal kunne synast ved at minst eit einskilt menneskje har fått endra sin eigen livssituasjon til det betre og opplever seg meir velkomen og integrert i bustad og bustadmiljø, i foreiningsliv og fritid, på arbeidsplassen, på skolen eller i lokalsamfunnet generelt.

§ 5.3:

Det frivillige engasjementet skal omfatte aktive og konkrete handlingar som har påverka til at målsetting blir oppnådd og intensjon innfridd Cf. §§ 1 og 2, samt §§ 3.1 og 5.2)

§ 5.4:

Det frivillige engasjementet må vere synleg og kontinuerleg over tid (Ut frå dei til ei kvar tid nominerte kandidatane vil nemnda avgjere kva dei vil leggje i omgrepet "over tid").

Kap. 6. Organisering

§ 6.1:

Nykonstituert kommunestyre vel to nemndmedlemmar og eit varamedlem som skal sitte i prisnemnda. Representantane sitt i nemnda i heile kommunestyreperioden.

§ 6.2:

Seljord Røde Kors vel sin representant til prisnemnda.

§ 6.3:

Rådmannen vel ein nemndsekretær frå administrasjonen.

§ 6.4:

Prisnemnda er operativ inntil ei ny nemnd er konstituert.

§ 6.5:

Nemnda konstituerer seg sjølv med ein leiar og to nemndmedlem.

§ 6.6:

Dei tre medlemma i nemnda har ein stemme kvar.

§ 6.7:

Sekretæren har ikkje stemmerett, men tale og forslagsrett.

§ 6.8:

Sekretæren har ansvar for oppfølging av møteplan, møteinnkalling, møtereferat, tidsfristar, utlysing og anna administrativt arbeid.